



Seljord kommune

PERSONVERNERKLÆRING

Denne personvernerklæringa gjer greie for korleis personvernet blir ivaretatt, og korleis personopplysingar blir behandla i Seljord kommune. Som brukar av kommunale tenester og elektroniske løysingar, ynskjer me at du skal kjenne deg trygg på at gjeldande lovar og reglar for behandling av personopplysingar blir følgt i kommunen.

Lov om behandling av personopplysingar

Personvernerklæringa følgjer føresegnene i Lov om behandling av personvernopplysninger (personopplysingslova) av 20.07.2018, med tilhøyrande forskrifter.

Definisjonar, jamfør personopplysingslovas Artikkel 4

Personopplysingar blir definert som «enhver opplysning om en identifisert eller identifiserbar fysisk person («den registrerte»); en identifiserbar fysisk person er en person som direkte eller indirekte kan identifiseres, særlig ved hjelp av en indikator, for eksempel et navn, et identifikasjonsnummer, lokaliseringsoplysninger, en nettidentifikator eller ett eller flere elementer som er spesifikke for nevnte fysiske persons fysiske, fysiologiske, genetiske, psykiske, økonomiske, kulturelle eller sosiale identitet.».

I Seljord kommune blir personnummer behandla som ei sensitiv personopplysing.

Føremålet med behandlinga av personopplysingar

Opplysingar som du sender inn til kommunen, blir vidaresendt til rett saksbehandlar. Opplysingane er saksbehandlar sitt grunnlag for å utføre saksbehandling av førespurnaden din. Dei innsamla opplysingane om deg blir behandla på same måte, anten du sender dokument i papir eller elektronisk.

Rådmannen er behandlingsansvarleg for kommunens overordna behandling av personopplysingar, men det daglege ansvaret for utføring av oppgåvene er delegert til sakshandsamar for den aktuelle behandlinga.

Rett til informasjon om behandling av personopplysingar

Ein kvar som ber om det, skal få vita korleis opplysingane om eigen person blir behandla.

Du har rett til innsyn

Du kan vende deg til ein av våre tenester og be om å få vite kva for opplysingar dei har om deg, kva dei skal brukast til, og kor dei er innhenta frå. Dette gjeld både elektroniske og manuelle register.

Du kan krevje at opplysingar om deg som er feil eller mangelfulle blir retta. Vi rår difor til at alle brukar innsynsretten aktivt, og gjev beskjed til tenesta dersom det er noko feil.

Du kan krevje at unødvendige opplysingar om deg blir sperra eller sletta. Seljord kommune har rutinar for sletting og sperring av opplysingar som ikkje lenger er naudsynte for føremålet med registreringa.

Dette gjeld ikkje dersom opplysingane skal oppbevarast i høve til anna lovgjeving, til dømes regnskapslova, offentleglova og arkivlova.

Når du ber om innsyn, retting og sletting er dette gratis. Kopiering vil kunne medføre krav om betaling.

Partsinnsyn etter forvaltningsloven

Det går fram av forvaltningslova at ein part har rett å gjere seg kjend med dokument i eiga sak. Det er einskilde unnatak for mellom anna interne dokument, og dokument som gjeld andre personar.

Pressa og allmennheita si rett til innsyn etter offentleglova

Hovudregelen etter offentleglova er at forvaltningsorgan sine saksdokument er offentleg tilgjengelege. Det inneber at alle som spør om det, presse og andre, vil kunne gjere seg kjend med innhaldet i kommunen sine saksdokument. Din førespurnad til oss vil dermed også vere offentleg, anten den kjem i form av brev, telefon eller e-post.

Kommunen handterer ein del dokument som inneheld teiepliktige opplysingar. Slike dokument blir unnateke frå det offentlege. Interne dokument kan også bli unnateke det offentlege.

Personvern og teieplikt

Alle tilsette i kommunen har teieplikt. Dei tilsette pliktar å hindre at andre får tilgjenge eller kjennskap til personlege opplysingar om deg dersom du ikkje har gjeve samtykke til dette. For einskilde saksområd er teieplikta særleg streng, og enkelte av særlovene gjev særleg strenge reglar om dette.

Oversikt over personopplysingar

Seljord kommune har oversyn over alle fagsystem som inneheld personopplysingar i kommunens behandlingsprotokoll. Protokollen syner korleis dine personopplysingar blir behandla, og at dei blir behandla i samsvar med personopplysingslovas Artikkel 5.

Vidareformidling

Vår policy er at vi ikkje skal selje, bytte eller på annan måte vidareformidle informasjon av nokon art om deg til tredjepart, utan at du har gjeve samtykke til dette. Dette gjeld ikkje i den grad vidareformidling er naudsynt og i tråd med regelverket i den einskilde sak (til dømes i utveksling av helseopplysingar ved behandling av pasientar).

Informasjonssikkerhet

Vi har etter personopplysingslova ansvar for å syte for at personopplysingane er tilstrekkeleg sikra.

Vi sikrar at berre dei som har eit tenleg formål får tilgang til opplysingane. Vidare sikrar vi at opplysingar ikkje kan bli endra eller sletta av andre enn dei som er autorisert til å gjere dette.

Vi sikrar at personopplysingane er tilgjengelege når det er naudsynt for å utføre arbeidsoppgåvene våre, for å gje deg ei best mogleg teneste.

Du bør ikkje sende sensitive opplysingar til kommunen i usikra e-post eller vedlegg til e-post, men heller i vanleg brev. Seljord kommune sender ikkje ut sensitive opplysingar på e-post, men anten i vanleg brev eller elektronisk brev.

Informasjonskapslar (cookies)

Informasjonskapslar er små tekstfiler som blir plassert på datamaskina di når du lastar ned ei nettside. Innhaldet i informasjonskapslane blir utveksla mellom datamaskina di og www.seljord.kommune.no

kvar gong du ser på ei nettside. Kapslane syter for at nettstaden fungerer best mogleg, og blir ikkje nytta for å identifisere deg som person.

Om du ønskjer at informasjonskapslar skal avvisast, kan du endre innstillingane i nettlesaren din slik at du anten blokkerar informasjonskapslar frå å bli lasta ned automatisk, eller at du får eit val om å laste ned kvar einiskild informasjonskapsel. Informasjonskapslar som har blitt lasta ned tidlegare kan også bli sletta av frå nettlesaren.

På <https://nettvett.no/> finn du informasjon om:

- korleis du avviser informasjonskapslar
- korleis du sletter informasjonskapslar i nettlesaren din

Analyseverktøy for webstatistikk

Seljord kommune brukar analyseverktøyet Google Analytics for å samle og vurdere informasjon om korleis besøkande bruker nettstaden. Google Analytics bruker informasjonskapslar. Som behandlingsansvarleg for www.seljord.kommune.no er det Seljord kommune som bestemmer kva for opplysingar Google kan innhente om bruken av nettstaden. Google Analytics mottar berre generell webstatistikk, som til dømes nettlesartype, tidspunkt, språk og kva for nettside brukaren kom frå.

I tråd med vanleg praksis på internett blir brukaren si offisielle IP-adresse registrert. Seljord kommune har vald å nytte ein funksjon som fjernar dei siste sifra frå IP-adresse di før informasjonen blir lagra av Google Analytics. Dette gjer at analyseverktøyet kan anslå brukaren si geografiske plassering, men adressa kan ikkje nyttas for å identifisere den einskilde. Mottekne opplysingar er underlagt Google sine retningslinjer for personvern.

Elektroniske skjema:

Våre elektroniske skjema blir levert av Kommuneforlaget. Alle opplysingar som blir overført mellom datamaskina di og serveren går over sikker kryptert line (SSL). Løysninga tilsvarar sikkerheita som blir bruka i nettbankane. Alle som nyttar digitale skjema frå denne leverandøren gjev samtykke ved bruk.

Kontakt

Dersom du har spørsmål angående personvernerklæringa, kan du kontakte:
Seljord kommune, Brøløsvegen 13A, 3840 Seljord, telefon: 350 65 100,
e-post: post@seljord.kommune.no.

Aktuelle lenker:

[Datatilsynet](#)

[Forvaltningslova](#)

[Personopplysingslova](#)

[Offentlegheitslova](#)

[Forbrukerrådet: Digitale rettigheter](#)

Meir om tema - lenker til andre nettstader:

[Blankettar frå Brønnøysundregistrene](#)

[Informasjonsplikt og innsynsrett](#)

[Kameraovervåking](#)

[Kredittopplysning](#)

[Personvern](#)

[Personvern på 1-2-3](#)

[Slettmeg.no](#)

[Verktøy og skjema frå Datatilsynet](#)